

## Ekspedisjon til ein øyde øy!

Tidsbruk: 1-3 timer


### **Bakgrunn for læraren:**

Mange liker å sjå ulike tv-program om menneske som reiser på spanande ekspedisjonar. Det starta med Robinson-ekspedisjonen i 1999, og nå følgjer vi med på 71 grader Nord, Kompani Lauritzen, På villspor med Lars Monsen eller Mina og meg. Nokre deltakarar er utrente påverkarar frå sosiale media (influencere), medan andre er heilprofesjonelle som Lars Monsen. Nysgjerrigheita vår for å sjå korleis andre klarar seg i møte med naturen kan koplast til klasserommet og kanskje lokke fram eit engasjement for skrivning.

Spørsmålet «Kva ville du tatt med deg til ein øyde øy?» har vore nytta som ein del av ein opptaksprøve på Harvard Law School i USA. Studentane vart observert og det kom fram at dei ekstroverte raskt hadde ei liste klar, men den var ikkje nødvendigvis den beste. Dei introverte nytta meir tid og om fram til meir gjennomtenkte lister som ville hjelpe dei med å overleve.

### **Didaktiske refleksjonar:**

Kor ofte gjer vi egentleg skriveoppgåvene som vi gir til elevane me har? Gym-læraren liker jo å trene og vere i form, og musikk-læraren spelar gjerne eit instrument eller omgir seg med musikk på fritida. Men skriv me? Me vert truverdige skrivelærarar når vi skriv sjølve, og det er gode mogelegheiter for å smitte elevane med skriveglede når me visar at me likar å skrive! Om du som lærar blei invitert med på eit nytt konsept med andre lærarar på tur til ein øyde øy, kva ville du pakka i sekken?



Kva ville du tatt med til ein øyde øy?

## Oppgåvetekst til elevane:

Tenk deg at du skal på ekspedisjon til ein øyde øy og vere der i ei veke. På øya er det ein innsjø med ferskvatn som kan drikkast, og det er fisk i vatnet rundt øya.

Du kan velje sted og årstid sjølv.

Du får pakke med deg ti ting du treng i ein sekk som du skal klare å bere sjølv.

Du skal vere der saman med ein anna person.

Start med oppgåvene i første løype, og vel så mange oppgåver du ønskjer. Du kan teikne til oppgåvene om du har lyst.

### Første løype

- Kva for 10 ting vil du ta med deg til ein øyde øy? (1.-7. trinn)
- Sett og ei liste i prioritert rekkefølge med det viktigaste først (3.-7. trinn)
- Forklar kvifor du har valt kvar ting til ein annan. Klarar de å einast om ei felles liste? (5.-7. trinn)

### Andre løype (1.-7. trinn)

- Kven vil du reise saman med?
- Kvifor har du valt denne personen?
- Kva gjer du/de den fyrste dagen?

### Tredje løype

- Skriv eller lag ein teikning frå ein dag på øya (1.-3. trinn)
- Skriv ei dagbokside frå ein av dagane dine på øya (4.-7. trinn)
- Skriv om kva du vil sakne mest frå det vanlege livet ditt når du er på øya (1.-7. trinn)



Kva ville du tatt med til ein øyde øy?

God ekspedisjonstur!

Friluftshelsing frå Skrivelæraren

Kreditering: @Skrivelæreren på Instagram og Facebook og boka *Skriv for livet!* (Fagbokforlaget 2021)